



Plan for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø på Tuv og Ulsåk skular og sfo

§ 9a

09.02.16

1. Formål

Opplæringslova Kapittel 9a tar for seg elevane sitt skudemiljø.

§ 9a-1 "Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring."

Med psykososialt miljø meiner ein her dei mellommenneskelege forholda på skulen, det sosiale miljøet og korleis elevane og personalet opplever dette. Det psykososiale miljøet skal verke positivt på elevane si helse, på trivsel og læring, tryggleik og sosial tilhøyrslle.

Det er den enkelte eleven si subjektive oppleving av å bli krenka som er retningsgivande for korleis skulen handterer opplæringslova § 9a, "elevane si arbeidsmiljølov".

På skulen legg vi vekt på:

- kontinuerleg, langvarig og systematisk arbeid med skudemiljøet
- at skulen, elevane og føresette samarbeider om det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet
- at tydeleg leiing er ein føresetnad for å førebyggje, avdekke og handtere krenkjande ord og handlingar
- at alle tilsette ved skulen har ei handlingsplikt til å undersøkje, varsle og gripe inn dersom dei får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande åtferd
- at dei lokale tiltaka våre og evna vår til kommunikasjon og samarbeid er avgjerande for at arbeidet skal lykkast

2



2. Kva er mobbing?

Definisjonar av krenkjande ord og handlingar:

Mobbing inneber at ein eller fleire elevar seier eller gjer vondt og ubehagelege ting mot ein annan elev. Ved mobbing skjer dette gong etter gong, og den som blir utsett, har vanskeleg for å forsvere seg.


Utestenging betyr at nokon så godt som alltid blir halden utanfor ei gruppe eller ein klasse.

Vald inneber at nokon brukar fysisk makt for å skade andre.

Rasisme inneber at nokon blir forskjellsbehandla eller plaga, til dømes fordi dei har ei anna hudfarge eller snakkar eit anna språk.

Diskriminering betyr at ein person blir därlegare behandla eller trakassert, til dømes på grunn av kjønn, evne til funksjon, tru, hudfarge eller opphav.

Definisjonane er henta frå Utdanningsdirektoratets [brosjyre om elevenes skolemiljø](#).



Mobbing handlar om å halde nokon utanfor, men mobbing er ikkje berre å ekskludere. Når klassen eller dei som mobbar er saman om å halde ved lag ein mobbeorden, er mobbeofferet ei nødvendig brikke i mobbekonteksta. Derfor er mobbeofferet også tolerert fordi han eller ho samtidig er stengt ute og medrekna i fellesskapen. Krafta i og kjenneteiknet ved mobbing ligg i at det er snakk om å bli utstøytt av sine eigne.

Her er nokre døme på kva barn og unge reknar som mobbing
[\(<http://www.ung.no/mobbing>\)](http://www.ung.no/mobbing):

- Å bli kalla utnamn/klengjenamn Å bli erta over tid
- Å bli dytta og dratt rundt omkring
- Å bli slått eller angripen
- Å få sekken sin kasta rundt

- Å få spreidd eit rykte om seg
- Å bli ignorert og sett utanfor
- Å bli tvungen til å gje frå seg pengar eller andre ting
- Å bli angripen på grunn av rase eller religion

Mobbing er eit sosialt, kulturelt og relasjonelt problem som kjem til uttrykk når menneske er saman eller skal lære seg å vere saman.

Dan Olweus har definert mobbing slik: "*En person er mobbet eller plaget når han eller hun gjentatte ganger og over en viss tid, blir utsatt for negative handlinger fra en eller flere andre personer.*"

Men det er ikkje nok å fokusere berre på det enkelte individ for å forstå kva mobbing er. Mobbing må vi forstå ut fra relasjonane i elevgruppa (klassen, gruppa, trinnet, skulen). Mobbing er ei sosialt destruktiv handling.

3. Førebygging og haldningsskapande arbeid

§ 9a-3 Det psykososiale miljøet, 1. avsnitt:

"Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosial tilhøyrslse.»

Utdanningsdirektoratet gir i rettleiaren "Arbeid mot mobbing" slike råd om å bruke program mot mobbing: *"Dersom skolen trenger hjelp til å komme i gang med arbeidet mot mobbing, kan et program være til hjelp. Dersom skolen har en god og stabil ledelse, en organisasjon som lett implementerer endringer og et godt system, kan skolen fint greie å bekjempe mobbingen på egen hånd."*

Kunnskapsdepartementet (18.01.11) hadde ein konferanse der forskrarar og erfarte praktikarar belyste spørsmål om kva som kjenneteiknar god praksis for arbeid mot krenkjande ord og handlingar, og for tiltak som kan motverke slik åtferd. Der gav dei desse råda:

- *«Skuleleiarar og lærarar må ta ansvaret for å stoppe krenkjande ord og handlingar.*
- *Elevar som fortel om krenkjande ord og handlingar, skal bli tekne på alvor.*
- *Skulen må møte foreldre/føresette med tillit og respekt.*
- *Dei vaksne må gripe inn med ein gong dei oppdagar krenkjande åtferd.*
- *Arbeid med eit godt læringsmiljø førebyggjer tilfelle av krenkjande ord og handlingar.*
- *Skulen skal ha eit systematisk og langsiktig arbeid mot krenkjande ord og handlingar.*
- *Skulen sitt arbeid med arbeidsmiljøet skal vere kunnskapsbasert.*
- *Vaksne skal vere synleg til stades på alle arenaer på skulen.*
- *God klasseleiing begrensar tilfelle av krenkjande ord og handlingar.»*

Tuv og Ulsåk skular har valt desse strategiane/satsingane for å førebyggje, avdekkje og stoppe krenkjande ord og handlingar på skulane våre:

- Styrkje læraren si rolle som klasseleiar.
- Systematisk og langsiktig arbeid for trivsel.
- Systematisk og langsiktig arbeid mot mobbing
- Foreldremedverknad gjennom FAU og samarbeid heim-skule

4. Avdekking

§ 9a-3 Det psykososiale miljøet, 2. avsnitt:

Dersom nokon som er tilsett ved skulen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøke saka og varsle skuleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Skulen skal i si daglege verksemnd arbeide med å avdekkje tilfelle av mobbing, diskriminering, vald og rasisme.

Alle tilsette ved skulen har:

- plikt til å gjennomføre **undersøkingar** raskt
- plikt til å **varsle** rektor (**ved bruk av meldeskjema, vedlegg 1**)
- plikt til å **gripe inn**

Oppfyller ein ikkje handlingsplikta, kan tilsette og rektor straffast med bøter eller fengsel i inntil 3 månader, jf. opplæringslova § 9a-7.

Avdekking kan vere at tilsette, elevar eller føresette melder frå om at nokon opplever krenkjande ord og handlingar. Skulen skal sikre at den subjektive opplevinga til eleven kjem fram, og at tiltak blir sett i verk så raskt som mogleg. Dette må dokumenterast.

Skulen har desse rutinane for avdekking:

Oppgåve	Ansvar for oppfølging
Kartlegging av trivsel/evt mistrivsel to gonger per år i utviklingssamtalen/elevsamtalen. Kontaktlærar rapporterer funn til rektor. Rektor bestemmer vidare oppfølging.	Kontaktlærar/rektor
Årleg undersøking av trivsel, mobbing og det psykososiale skolemiljøet. Vi bruker Spekter	Rektor
Årleg tema på foreldremøte, FAU og skolemiljøutval	Rektor/kontaktlærar
Vakt- og tilsynsordningar	Rektor/alle tilsette
Bruke kommunen sitt system for å melde avvik når lova blir broten	Alle tilsette/rektor

Når tilsette får mistanke eller kunnskap om at ein elev blir utsett for krenkjande ord og handlingar, skal dei nytte meldeskjema (vedlegg 1). Føresette kan òg nytte dette skjemaet. Dersom føresette kjem med ei munnleg bekymring, skal mottakar av meldinga fylle ut meldeskjemaet.

Udirs rundskriv 2-2010 "Retten til et godt psykososialt miljø etter opplæringsloven § 9a" gir ein grundig gjennomgang av korleis reglane i opplæringslova § 9a er å forstå

Kva gjer du om du er føresett?

Får du mistanke om at barnet ditt blir mobba, må du ta ein samtale med barnet så fort som mogleg. Ikkje sjeldan i mobbesaker er barn offer for trugsmål og press, og dei ønskjer ikkje at foreldra og skulen skal bli involvert. Då fryktar dei straff frå mobbarane.

Vi vil at foreldra først vender seg til kontaktlæraren til barnet. Kontaktlærar vil i samråd med foreldra varsle rektor.

Når foreldre melder ei mobbesak til skulen, har dei rett til å få vite kva for tiltak skulen vil setje i gang for å få endra situasjonen for barnet, og dei har rett til å be om å få saka behandla som eit enkeltvedtak i samsvar med det som står i forvaltningslova, jf. [Opplæringslova § 9a-3](#).

Kva gjer du om du er lærar?

Ved mistanke om mobbing skal kontaktlærar samle inn så mykje informasjon/dokumentasjon som mogleg. Dette kan gjerast ved å snakke med:

- Den som er utsett for mobbing
- Føresette til eleven som er utsett for mobbing
- Føresette til eleven som blir skulda eller er under mistanke for mobbinga
- Medelevar
- Den eller dei som blir skulda eller er under mistanke for mobbinga
- Andre lærarar

Kva gjer du om du er elev?

Om du som elev oppdagar eller mistenkjer at det føregår mobbing, eller sjølv blir utsett for mobbing, snakk med læraren din, foreldra dine eller andre vaksne på skulen. Kontaktlærar og andre som jobbar på skulen, er ansvarleg for at saka kjem vidare og blir behandla i samsvar med kapittel 5 i denne planen.

5. Handtering

§ 9a-3 Det psykososiale miljøet, 3. avsnitt:

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skulen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skulen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føreseggnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

Alle elevar og føresette skal oppleve å bli tatt på alvor om dei kjem til skulen med bekymring om at ein elev blir utsett for krenkande ord eller handlingar. Skulen tar ansvar og initiativ for å stoppe slik åtferd. Elevar som har opplevd å bli utsett eller sjølv har utsett andre for krenkande ord eller handlingar, skal vite at dei blir følgt opp av skulen etter at den krenkande åtferda er avslutta.

Rektor har det overordna ansvaret for at skulen følgjer opp saker som gjeld det psykososiale miljøet.

Når elev, føresette eller tilsette ved skulen har avdekka at elevar blir utsett for krenkande ord og handlingar, skal skulen sikre saksbehandling og oppfølging i tråd med lover og forskrifter.

Enkeltvedtak:

- Kjem det ei munnleg eller skriftleg melding frå elevar og føresette om forhold knytta til skulemiljøet, skal føresette **alltid** få informasjon om retten sin til å få enkeltvedtak når dei ber om det.
- Dersom tilsette varslar om at dei har kunnskap om eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkande ord og handlingar, skal rektor, etter å ha undersøkt saka, **avgjere om det skal** fattast enkeltvedtak. Dersom det blir sett i verk tiltak som er inngripande for den eleven det gjeld, **må** det fattast enkeltvedtak.

Prinsippet for handtering er at problema blir løyste på lågast mogleg nivå, men at tilsette veit når dei skal melde saker vidare (meldeskjema, vedlegg 1). Dei tilsette veit kven dei kan vende seg til når problema ikkje kan løysast på deira nivå.

[Udirs rundskriv 2-2010](#) gjer greie for kva krav ein stiller til innhaldet i eit enkeltvedtak.

Fasar for problemløysing:

	Oppgåve	Ansvar	Dokumentasjon
1	Undersøkingar og observasjon startar umiddelbart.	Kontaktlærar (rektor orienteres)	Meldeskjema (vedlegg 1)
2	Samtalar med eleven som er krenka for å skaffe informasjon og gi støtte. Skulen skal sikre at eleven si eiga subjektive oppleving kjem fram.	Kontaktlærar (rektor blir orientert)	Referat
3	Samtalar med føresette til eleven som er krenka. Skulen har ansvar for å legge til rette for eit godt samarbeid når det gjeld aktuelle tiltak.	Kontaktlærar (rektor blir orientert)	Referat
4	Samtale med eleven som krenkar Snakk med ein og ein dersom det er fleire som krenkar. Føremålet med samtalen er	Kontaktlærar (rektor blir	Referat

	å gi beskjed om at slik åtferd ikkje er akseptabel og må stoppe umiddelbart. Gjer avtalar om oppfølging.	orientert)	
5	Samtale med føresette til krenkar Skulen har ansvar for å leggje til rette for eit godt samarbeid når det gjeld aktuelle tiltak.	Kontaktlærar (rektor blir orientert)	Referat
6	Rektors vurdering etter innhenting av fakta	Rektor	Handlingsnotat
7	Dersom enkeltvedtak Rektor gjer eit enkeltvedtak raskast mogleg om eleven sin rett etter § 9a-1 er ivaretaken eller ikkje <ul style="list-style-type: none"> - Grunngi om retten er ivaretaken eller ikkje - Nemne dei faktiske forholda som vedtaket byggjer på - Grunngi val av eventuelle tiltak - Korleis følgje opp og evaluere tiltaka. Konklusjonen må kome fram klart og tydeleg -Rett til å klage 	Rektor	Enkeltvedtak
9	Om det ikkje blir gjort enkeltvedtak: Eventuelle tiltak må likevel dokumenterast. (Dersom det blir sett i verk tiltak som er inngripande for den eleven det gjeld, både krenkar og krenka, må det gjerast enkeltvedtak.)	Rektor	Referat
10	Evaluering av tiltak / enkeltvedtak Når ein evaluerer tiltaka, skal ein også vurdere behovet for nye enkeltvedtak	Rektor	Referat/ evt. enkeltvedtak
11	Sanksjonar Sanksjonar må vere i tråd med ordensreglementet . Skulane må dokumentere bruk av sanksjonar. Skulen må vurdere om det skal gjerast eigne enkeltvedtak om sanksjonen er inngripande.	Skulesjef	Referat /enkeltvedtak
12	Oppfølging Problemsituasjonane må ein følgje opp inntil dei opphører heilt. Alle involverte elevar skal følgjast opp. Det tar tid å kome over alvorlege krenkingar. Den/dei som krenkar, har òg problem.	Rektor /kontaktlærar	Referat

13	Dersom krenkjande åtferd ikkje opphøyrer, skal andre eksterne partar inn i saka, til dømes PPT, tverrfagleg utval, barnevern, politi eller konfliktråd.	Rektor	Referat
14	Om det er vaksne ved skulen som plagar elevar, blir det ei personalsak	Rektor	Referat

6. Kontinuerleg, langvarig og systematisk arbeid

§ 9a-4. Systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane (internkontroll)

Skulen skal drive eit aktivt, kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skuleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet.

kontinuerleg: Ein raud tråd i skulen sitt arbeid gjennom heile skuleåret
systematisk: Arbeidet er gjennomtenkt og planmessig. Planane og rutinane er innarbeidde hos heile personalet på skulen

Rektor har ansvaret for den daglege oppfølginga av det systematiske arbeidet ved skulen.

Rektor skal følgje med og har ansvaret for at det systematiske arbeidet er aktivt og planmessig.

Denne planen skal hjelpe til slik at elevane opplever eit trygt og sosialt skolemiljø. For å sikre at dette blir eit "levande" plandokument, må planen vere kjent for alle partar i skolemiljøet.

Skulen har desse rutinane:

	Oppgåve	Tidspunkt	Ansvar
1	Dei tilsette ved skulen: - Kva er eit godt psykososialt miljø? - Kva er krenkjande åtferd? - Kva er terskelen for å gripe inn? - Når skal ein varsle skuleleiinga?	Ved skulestart	Rektor
2	Skulen sine planar og tiltak for førebyggjande og haldningsskapande arbeid gjennomsyrar skulekvardagen.	Løpende	Rektor
3	Opplæring og informasjon til alle tilsette - Plan for å sikre elevane eit godt psykososialt læringsmiljø - Ordensreglementet og trivselsreglar/klasseregler	Ved skulestart	Rektor
4	Nye føresette må få vite at planen og	Første	Kontaktlærar/Rektor

	ordensreglementet ligg på skulen si heimeside. Nye føresette skal skrive under på at dei har lese dokumenta.	foreldremøtet om hausten etter skulestart	
5	Elevar og føresette får informasjon om denne planen, ordensreglementet og trivselsreglane.	Kvar haust	Kontaktlærar
6			
7	Skulen skal syte for at elevundersøkingar blir gjennomgått i personalmøte, i FAU og skolemiljøutvalet.	Kvar vår	Rektor
8	Funn i utviklingssamtalen skal vurderast to gonger i året	Haust og vår	Kontaktlærar/rektor
9	Skulen skal evaluere det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet som er gjort kvart år. I personalmøte, elevråd, FAU og skolemiljøutval. Hugs vakt- og tilsynsordninga.	Kvar vår	Rektor
10	Internkontroll: Praksis i høve til oppfølging av opplæringslova § 9a, 11-1a, 2-9 og 2-10.	Løpende	Rektor

Vedlegg 1: Meldeskjema

**MELDESKJEMA
OM BEKYMRING FOR ELEVEN SITT PSYKOSOSIALE SKULEMILJØ**

Meldingar frå føresette vil utløyse eit enkeltvedtak.

Eleven sitt namn:		Fødselsdato:
Eleven sin klasse:		
Bekymringa blir meldt til:		
Bekymringa blir meldt av:		
Dato for meldinga:		
Kva gjeld bekymringa (mobbing, vald, rasisme, diskriminering, utestenging)		
Korleis vart dei forholda som bekymringa peikar på oppdaga?		
Annan faktainformasjon?		

Blir sendt til: Rektor
Kopi til: Elevmappe

